



# FJELL KOMMUNE

Servicetorgsjefen

15585/2016

Dato: 22.06.2016

Vår ref.: 2016/292 -

Ark.kode: 022.3

## Møtereferat

<b>Møte i:</b> Barnehageutvalet	<b>Dato:</b> 21.06.16	<b>Tid:</b> 16.00-18.00
<b>Til stades:</b> Ernst Morten Einarsen (H), Eva Vik (AP), Kristin Brennhaug (KrF), Lillian Torsvik, Frøydis Bjørkmann, Janne Digranes Larsen	<b>Forfall:</b>	
<b>Referent:</b> Janne Digranes Larsen	<b>Møtet slutt:</b> 17.45	

Saksnr	Sakstittel
1	<b>Godkjenning av saksliste og referat.</b> Godkjent utan merknader.
2	<b>Orientering v/servicetorgsjefen.</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Lillian hadde ei grundig orientering kring barnehagemyndens sine arbeidsområder:<ul style="list-style-type: none"><li><i>-Ivareta likeverdige driftsvilkår for kommunale og private barnehagar.</i></li><li><i>-Godkjenning</i></li><li><i>-Samordna opptak.</i></li><li><i>-Kommunalt tilskot ikkje-kommunale barnehagar.</i></li><li><i>-Tilsyn etter barnehagelova (§16).</i></li><li><i>-Rapportering i høve statleg kontantstøtte.</i></li><li><i>-Dispensasjon frå utdanningskrav.</i></li><li><i>-Informasjonsplikt til kommunale og private barnehagar.</i></li><li><i>-Systemansvar og opplæringsansvar fagsystem alle barnehagar (Visma Oppvekst).</i></li></ul></li></ul> <p><i>Deling av myndeoppgåver mellom servicetorgsjef og barnehagesjef vart gjort greie for, i tillegg til oppgåver økonomiavdelinga utfører.</i></p>

- Tilskot 2016:
  - Endring frå 01.01.15;  
Tilskot skal reknast ut frå 2 år gamle rekneskap frå den kommunale bhg drifta (2014) + deflator 2015 + deflator 2016
  - Endring i lokale retningslinjer 01.01.15, vedteke i kommunestyret 26.03.15- teljetidspunktet er endra frå 1 gong i året (15.12) til 3 gongar i året (15.04, 20.08 og 15.12). Det vert gjort enkeltvedtak til den einskilde barnehage etter kvart teljetidspunkt.
- Gjennomgang av tilskotssatsar 2016
- Oversyn over tilskotssatsar i åra 2013-2016 (aukande)
- Avvikling barnehagedrift 2013-2016:  
Bamsen familiebarnehage, Ekerhovd barnehage, Knarrevik korttidsbarnehage, Solglytt barnehage, Treet familiebarnehage og Ulveseth barnehage avd. Kolltveit (mellombels barnehage).
- Status samordna opptak 2016-2017
  - Alle med rett til plass har fått tilbod. Pr 14.06.16 står det 32 plassar ledig.
- Refusjon mellom kommunar:
  - Fjell kommune har i dag avtale om refusjon når det gjeld kommunale barnehagar med Bergen kommune og Sund kommune. Øygarden ønskjer ikkje å inngå tilsvarende avtale.
- Redusert foreldrebetaling.
  - Frå 01.05.16 skal ingen hushald betale meir enn 6% av samla inntekt for ei barnehageplass.
  - Familiar med samla inntekt under 417 000, kan søkje om redusert betaling.
- Gratis kjernetid.
  - 01.08.15: gratis kjernetid for alle 4-5 åringar for familiar med samla inntekt u/417 000. Kjernetid=20 t/u
  - 01.08.16: gratis kjernetid også for 3 åringar for familiar med samla inntekt u/417 000.
- Regelendring 2016
  - Barn født i oktober/november i søknadsåret har frå 01.08.16 rett på barnehageplass.

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utviding av Ågotnes kommunale barnehage skal etter planen verta klar til bruk frå august 2017.</li> </ul>
<b>3</b>	<p><b>Ymse.</b> Lillian føreslo at private barnehageeigarar og den kommunale barnehagesjefen vert invitert til neste møte i barnehageutvalet i løpet av hausten 2016. Dette var alle positive til.</p>

